



Askvoll kommune
KU-rapport – del 2

Vedteken av kommunestyret 14.10.15, sak 021/15

DOKUMENTINFORMASJON

Oppdragsgjevar: Askvoll kommune
Rapportnamn: KU-rapport – del 2
Utgåve/dato: Vedteken plan
Arkivreferanse: -

Oppdrag: 530866 – Askvoll KPA
Oppdragsskildring: Komplett arealdel inkl KU og ROS. Deltakelse i folkemøte.
Oppdragsleiar: Trygve Andresen
Fag: Analyse og utredning
Tema: Kommunal- og regional planlegging
Leveranse: Rapport / utredning

Skriven av: Trygve Andresen og Karianne Eriksen
Kvalitetskontroll: Guro Steine

Asplan Viak AS www.asplanviak.no

FØREORD

Dette er del 2 av 3 av konsekvensutgreiinga.


Trygve Andresen
Oppdragsleiar

Guro Steine
Kvalitetssikrar

INNHALDSLISTE

3.3	Holmedal.....	165
3.4	Askvoll.....	225

3.3 Holmedal




KU-kap	Stadnamn	Kjelde / dok.nr	Type innspel	Kartref.	Storleik	Konklusjon	Storleik i plankart
3.3.1	Rivedal	Dok 71	fritidsbustad		49	Avvisast	0
3.3.2	Rivedal	Dok 71	Småbåthavn	SBH5	25	Akseptert	9
3.3.3	Rivedal	Dok 72	Massetak	R1	9	Akseptert	9
3.3.4	Rivedal	Dok 70	bustad	B13	25	Akseptert	0
3.3.5	Rivedal	st.gr.m 7.10	naust	Na6 a og b	4	Akseptert	2
3.3.6	Rivedalselva	NVE	Kraftverk			konsesjonsvurdering	
3.3.7	Bakkevatnet	Dok 73	LNF s. fritidsb.	Bakkevatnet	218	Akseptert	148
3.3.8	Bakkelvela, Holmedal	Dok 54	Kraftverk			konsesjonsvurdering	
3.3.9	Kleppeneset	Dok 62	Bustad	B14	53	Akseptert	17
3.3.10	Bakkeneset	st.gr.m 7.10	LNF s. bustad	Bakkeneset	55	Akseptert	47
3.3.11	Bakkefjæra	st.gr.m 7.10	Naust	Na7	2	Akseptert	2
3.3.12	Bogevika – Holmedal	Dok 56	Gang-s.veg			Akseptert	
3.3.13	Holmedal	Dok 77	Omlegging veg	V1		Akseptert	
3.3.14	Holmedal	munnleg	Tenesteyting		1	Avvisast	0
3.3.15	Skaret, Holmedal	Folkem	Bustad	B15	24.3	Avvisast	0
3.3.16	Blakkstad	Folkem	LNF s. bustad	Blakkstad	307	Akseptert	207
3.3.17	Fjellalandet	Dok 11	fritidsbustad		80	Omgjering til LNF spreidd	0
3.3.18	Helle- Vårdal	st.gr.m 7.10	LNF s. bustad	Vårdal	876	Akseptert	725
3.3.19	Vårdalsneset	Dok 73	Fritid- turist	FT5	34	Akseptert	34
3.3.20	Helle	Dok 128	bustad		10.5	Omgjering til LNF spreidd	0
3.3.21	Helle	folkem	Næringer		49	Avvisast	0
3.3.22	Gildringsneset		Akvakultur	AK3	118	Akseptert	118
3.3.23	Rivedal		Næringer	N7	24,3	Akseptert	3,8

Etter første gong høyring er det gjort konsekvensutgreiing for område 3.3.22: Akvakultur Gildringsneset og 3.3.23 næring Rivedal.

Samla vert det føreslått lagt ut:

Føremål	Dekar	Tal på einingar
Busetnad	35	2 område
Fritids- /turistføremål	34	1 område
Råstoffutvinning	9	1 område
Næring	3,8	1 område
Naust	6	2 område
LNF spreidd	1126	14 bustader, 10 fritidsbustader og 2 næringsbygg
Småbåthamn	9	1 område
Akvakultur	118	1 område

3.3.1 Rivedal (eigedom 242/ 2 – dok 71)



Areal: 49 daa

Status i gjeldande plan: Området er ikke regulert. I overordna plan er området vist som LNF. Plan 2006001 (Ripeneset) ligg sør for innspelet og har opning for 27 fritidsbustader. Av desse er 4 utbygd.

Framlegg til ny arealbruk: Byggjeområde fritidsbustad. Ønskjer å legge til rette for nye fritidsbustadar (hytte).

Omtale av utbyggingsområde:

Sørvendt, skrånande ned mot Dalsfjorden. Øvre del er brattlendt.

Verdisetting av område og konsekvensvurdering ved ny arealbruk:

KU- tema	Registreringer /kunnskapsgrunnlag	Verdi	Konsekvensvurdering (omfang)	Konsekvens
1. Areal- og transport	Ligg ca100 m sør for fylkesveg 609 og 5,8 kilometer fra Holmedal sentrum.		Kunne vore plassert nærmere andre hytteområde.	-
2. Barn og unge	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
3. Friluftsliv og rekreasjon	Registrering frå folkemøte: eksisterande eller ønskje om tilrettelagt	+	Konflikt med eksist. el. ønskje om friluftsområde i Vikane.	-

	turveg/ friluftsområde i Vikane.			
4. Infrastruktur og offentlege tenester	Ligg 100 meter sør for fylkesveg 609. Ikke godkjent veg inn i området er etablert		Krev ny tilkomstveg til området	-
5. Samfunnstryggleik				
6. Næring og sysselsetting	Ikke relevant			
7. Universell utforming	Ikke relevant			0
8. Landskap og estetikk	Regionalt nivå: landskapsområde Fjaler vanleg førekommende landskap (C) Lokalt nivå: Dalsfjorden stor regional verdi (B)	C/B	Tiltaket er lokalisert i landskap med stor regional verdi lokalt. Omfang og konsekvens avhengig av utforming av plan og tiltak.	0/-
9. Kulturminne og kulturmiljø	Sefrak-registrert bygg: ruin etter våningshus, Eiknes	+	Konflikt med sefrak-registrert bygg: ruin	-
10. Naturverdiar og biologisk mangfold	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
11. Primærnæring	Open skinn fastmark, skog, overflatedyrka innmarksbeite, ingen aktiv bruk		Ingen vesentleg konflikt	0
12. Strandsone	Delvis lokalisert i 100m-beltet. Registrering om eksist. eller ønskje om tilrettelagt turveg/ friluftsområde langs sjø fra folkemøte.		Liten konflikt dersom avgrensing slik at randsona mot sjø vert ivaretatt. Behov for byggegrense mot sjø som må vurderast i reguleringsplan.	0/-


Samla konsekvens

Tiltaket er i konflikt med landskapsområde med stor regional verdi, konflikt med strandsone og konflikt med sefrak- registrert bygg. Vil utløyse behov for ny tilkomstveg til området. Allereie stor kapasitet på hytte i gjeldande plan på sørsida.

Fagleg konklusjon: Innspelet vert avvist i denne omgang fordi det allereie er stor kapasitet på hytte i nærleiken. Det kan takast opp til ny vurdering i neste rulling.

Styringsgruppa sin konklusjon: Innspelet vert avvist. Eksisterande hyttefelt på Ripeneset bør byggast ut før ein opnar for nytt område.

3.3.2 Rivedal (dok 71 og muntleg + styregruppemøte 7.10.2013)



Areal: 25 daa

Status i gjeldande plan: Området er ikke regulert. I overordna plan er området vist som generell sjø.

Framlegg til ny arealbruk: Småbåthamn. Ønskjer å legge til rette for småbåthamn i samband med nytt hyttefelt (sjå førre innspel). I tillegg ønskjer utbygger av plan 2006001 (Ripeneset) utviding av regulert hamn. Dei to innspela vurderast samla her.

Omtale av utbyggingsområde:

Sjøareal som i dag er lite i bruk. Nasjonal laksefjord.

Verdisetting av område og konsekvensvurdering ved ny arealbruk:


KU- tema	Registreringer /kunnskapsgrunnlag	Verdi	Konsekvensvurdering (omfang)	Konsekvens
Samfunn				
1. Areal- og transport	Småbåthamn vil vere for hyttefelta rett ved.			0
2. Barn og unge	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
3. Friluftsliv og rekreasjon	Registrering frå folkemøte: eksist. eller ønskje om tilrettelagt turveg/ friluftsområde på	+	Kan komme i konflikt med eksist. el. ønskje om friluftsområde i Vikane.	-

	landsida.			
4. Infrastruktur og offentlege tenester	Området kan koplast til lokal veg og vidare på fylkesveg 609, ca. 600 m unna.		Krev ny tilkomstveg til området.	-
5. Samfunnstryggleik	Sjå ros-analyse		Området er noko utsett for vind. Fylkesveg og lokal veg er ikkje utforma i tråd med normalane. Liten trafikkfare	0/-
6. Næring og sysselsetting	Ikkje relevant			0
7. Universell utforming	Ikkje krav om UU etter TEK10			0
8. Landskap og estetikk	Grensar til landskapsområde Fjaler vanleg førekommande landskap (C) på regionalt nivå, og landskapsområde Dalsfjorden B-verdi på lokalt nivå:	C/B	Kan komme i konflikt med landskapsområde med stor regional verdi. Omfang og konsekvens avhengig av utforming av plan og tiltak.	0/-
9. Kulturminne og kulturmiljø	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
10. Naturverdiar og biologisk mangfold	Ingen registreringar		Ingen kjent konflikt	0
11. Primærnæring	Vassdrag og sjøområde i gjeldande KPA		Ingen konflikt	0
12. Strandsone	Det er bygd ein bryggje aust i området. Delvis privatisert grunna hyttefelt i bakkant, frimråde sør i reg.plan.		Tiltaket kan bidra til ytterlegare privatisering av strandsona	-

Samla konsekvens

Område kan komme i konflikt med eksisterande eller ønske om tilrettelagt turveg/friluftsområde på landsida, samt landskapsområde med stor regional verdi. Vil utløyse behov for ny tilkomstveg til området.


Fagleg konklusjon: Innspelet vert teke inn i planen. Ein må vurdere storleik i samband med kva hytteområde som blir tillate, sjå førre innspel. Som del av planarbeidet skal det visast korleis utbetring av veg vert løyst. Det må også takast omsyn til eksisterande eller ønska turveg i området, samt terrengetilpassing ved gjennomføring av tiltaket.



Vestre del tilhører eksisterende reg.plan og vert godkjent. Austre del tilhører nytt innspeil, og treng ikke godkjennast før det hyttefeltet vert godkjent.

Styringsgruppa sin konklusjon: Området vert teke med som småbåthamn, men vert mykje avgrensa. Fortøyning av båtar i naust- og båtopptreksområdet i reguleringsplanen kan òg løysast på andre måtar enn ved molo. Slike løysingar er det i dette tilfellet mest tenleg å gjere på reguleringsplannivå (evt. reguleringsendring).

3.3.3 Rivedal (eigedom 219/ 16 – dok 72)



Areal: 8,8 daa

Status i gjeldende plan: Området er regulert til anleggsområde i samband med bygging av Dalsfjordbrua. I følge reguleringsplanen skal deponimassar tildekkast slik at jordbruksoppdrag kan gjenopprettast. I overordna plan er området vist som LNF.

Framlegg til ny arealbruk: Byggjeområde råstoffutvinning. Ønskjer å nytte massane som vert tilført området (massetak).

Omtale av utbyggingsområde: Området er i dag nytt til anleggsområde i samband med bygging av Dalsfjordbrua

Verdisetting av område og konsekvensvurdering ved ny arealbruk:

KU- tema	Registreringer /kunnskapsgrunnlag	Verdi	Konsekvensvurdering (omfang)	Konsekvens
1. Areal- og transport	Ligg ca. 350 meter sør for fylkesveg 609.			0
2. Barn og unge	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
3. Friluftsliv og rekreasjon	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
4. Infrastruktur og offentlege tenester	Ligg rett ved lokal tilkomstveg som er kopla på fylkesveg		Krev utbetring av eksisterande veg i området.	-

	609, ca. 400 m unna.			
5. Samfunnstryggleik	Sjå ros-analyse		Fylkesveg og lokal veg er ikke utforma i tråd med normalane. Liten trafikkfare. Verksemda vil kunne medføre auka trafikk i høve til planlagt situasjon.	0/-
6. Næring og sysselsetting	Ikkje relevant			0
7. Universell utforming	Ikkje relevant			0
8. Landskap og estetikk	Regionalt nivå: landskapsområde Fjaler vanleg førekommande landskap (C) Landskapsområde Lokalt nivå: Dalsfjorden stor verdi (B)	C/B	Tiltaket er lokalisert i landskap med stor regional verdi lokalt. Omfang og konsekvens avhengig av utforming av plan og tiltak.	0/-
9. Kulturminne og kulturmiljø	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
10. Naturverdiar og biologisk mangfold	Ingen registreringar		Ingen kjent konflikt	0
11. Primærnæring	Planlagt tilbakeført landbruksjord			
12. Strandsone	Utanfor 100-meters belte		Ingen konflikt	0


Samla vurdering

Vidareføre dagens bruk av området og ikkje tilbakeføre til landbruk.

Fagleg konklusjon: Innspelet vert teken inn i planen.

Styringsgruppa sin konklusjon: Området vert teke med som byggjeområde råstoffutvinning. Vedteken reguleringsplan vert gjeldande til ny reguleringsplan for masseuttak er vedteken.

3.3.4 Rivedal (eigedom 216/ 32 – dok 70)



Areal: 25 daa

Status i gjeldande plan: Området er ikkje regulert. I overordna plan er området vist som LNF.

Framlegg til ny arealbruk: Byggjeområde bustad. Ønskjer å leggje til rette for nytt bustadfelt.

Omtale av utbyggingsområde:

Søraustvendt hellande terrenget, registrert som fulldyrka mark og innmarksbeite. Ligg i Rivedalsbygda.

Verdisetting av område og konsekvensvurdering ved ny arealbruk:

KU- tema	Registreringer /kunnskapsgrunnlag	Verdi	Konsekvensvurdering (omfang)	Konsekvens
1. Areal- og transport	Ligg ca. 4,7 kilometer frå Holmedal sentrum, og rett nord for fylkesveg 609. Det vil gå buss nokre ganger om dagen.		Byggjefelt her ligg i stor avstand frå offentlege tenestetilbod og vil innebere eit transportbehov.	-
2. Barn og unge	Ingen registreringar		Ingen kjent konflikt	0
3. Friluftsliv og rekreasjon	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0

4. Infrastruktur og offentlege tenester	Tilgjenge rett frå fylkesveg 609. Dalsfjordsambandet kan gje auka marknad for bustader.	0	Byggegrense frå fylkesveg 609 på dette strekket er i utgangspunktet 50m frå senterline. Vurderast i reg.plan.	-
5. Samfunnstryggleik			Liten til moderat risiko for skredfare. Ved reguleringsplan/ tiltak skal det utarbeidast faresonekart for å kartlegge nærmere sannsyn for ulike rastyper. Fv.og lokal veg er ikke utforma i tråd med normalane. Liten trafikkfare. Trafikktryggleik og tilkomst må vurderast særskilt.	
6. Næring og sysselsetting	Ikkje relevant			
7. Universell utforming	Krav om UU følgjer av TEK 10		Blir ivareteke som følge av TEK 10	0
8. Landskap og estetikk	Regionalt nivå: landskapsområde Fjaler vanleg førekommende landskap (C) Lokalt nivå: landskapsområde Dalsfjorden - stor regional verdi (B)	C/B	Tiltaket er lokalisert i landskap med stor regional verdi lokalt. Omfang og konsekvens avhengig av utforming av plan og tiltak.	0/-
9. Kulturminne og kulturmiljø	Sefrak-registrerte bygg, meldepliktige: løe og stabbur, opp-i-garden, Rivedal.		Ingen konflikt dersom nye tiltak vert lokalisert og utforma med omsyn til verdiar i eksisterande bygningsmiljø.	0/-
10. Naturverdiar og biologisk mangfold	Ingen registreringar		Ingen kjent konflikt	0
11. Primærnæring	Nesten heile området ligg i kjerneområde landbruk		Konflikt med kjerneområde landbruk	---
12. Strandsone	Ikkje relevant			


Samla konsekvens

Tiltaket er i konflikt med kjerneområde landbruk. Det er i tillegg i konflikt med landskapsområde med stor regional verdi og sefrak- registrerte bygg som er meldepliktige.

Fagleg konklusjon: Omtrent heile området ligg i kjerneområde landbruk. Ein tilrår difor at innspelet ikkje vert teke til følgje.

Styringsgruppa sin konklusjon: Området vert teke med som byggjeområde bustad. Den nordlege delen vert teke ut. Frådelt tomt i vest vert teke med.

3.3.5 Rivedal (styringsgruppemøte 7.10.2013)



Areal: 2,4 + 1,3 daa

Status i gjeldande plan: Området er ikkje regulert. I overordna plan er området vist som LNF.

Framlegg til ny arealbruk: Byggjeområde naust. Ønskjer å leggje til rette for nye naust.

Omtale av utbyggingsområde: Det vestre arealet ligg i strandkanten nedst på eit jorde. Det austre arealet ligg i brattlendt skog.

Verdisetting av område og konsekvensvurdering ved ny arealbruk:

KU- tema	Registreringer /kunnskapsgrunnlag	Verdi	Konsekvensvurdering (omfang)	Konsekvens
1. Areal- og transport	Område vest for Rivedalselva ligg 4,5 kilometer frå Holmedal sentrum.		Område vest for Rivedalselva ligg i tilknyting til eit gardsbruk. Kan sjåast i samanheng med eksisterande busetnad i Rivedal. Område i aust kunne vore plassert nærmere bustad- eller hytteområde.	0
2. Barn og unge	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0

3. Friluftsliv og rekreasjon	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
4. Infrastruktur og offentlege tenester	Område vest ligg rett ved lokal veg som er kopla på fylkesveg 609, Område aust for Rivedalselva ligg utan veg.		Område vest for Rivedalselva har god veggtilkomst. Tilkomst og avkørsle må vurderast i plan/tiltak	0 / -
5. Samfunnstryggleik	Sjå ros-analyse		Liten til moderat risiko for skredfare og flaum. Tiltak mot stormflod bør vurderast. Ved reguleringsplan/ tiltak skal det utarbeidast faresonekart for å kartlegge nærmere sannsyn for ulike rastyper. Ved regulering eller byggesak nærmere Rivedalselva enn 100 m må byggegrense frå elv vurderast. Området er utsett for vind. Lokal veg er ikkje utforma i tråd med normalane. Liten trafikkfare.	-
6. Næring og sysselsetting	Ikkje relevant			0
7. Universell utforming	Ikkje relevant		Ikkje krav om UU i TEK10	0
8. Landskap og estetikk	Regionalt nivå: landskapsområde Fjaler vanleg førekommande landskap (C) Landskapsområde Lokalt nivå: Dalsfjorden B-verdi	C/B	Tiltaket er lokalisert i landskap med stor regional verdi lokalt. Omfang og konsekvens avhengig av utforming av plan og tiltak.	0/-
9. Kulturminne og kulturmiljø	I område vest for Rivedalselva: Sefrak-registrerte bygg: 1 meldepliktig naust og 1 ruin etter naust. Rett nord for område 1 aut. freda ark. minne: bautasteinslokalitet, samt grensar til område med fleire meldepliktige sefrak-registrerte bygg		Ingen konflikt dersom nye tiltak vert lokalisert og utforma med omsyn til verdiar i eksisterande naustumiljø.	0/-

	(Liset) I område aust for Rivedalselva er det anna sefrak- registrert bygg: naust			
10. Naturverdiar og biologisk mangfald	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
11. Primærnæring	Område vest for Rivedalselva ligg rett ved kjerneområde landbruk		Område vest for Rivedalselva delvis i konflikt med kjerneområde landbruk. Området på austsida er ikkje i konflikt.	- / 0
12. Strandsone	Ligg i 100m-beltet. Noko bebyggelse i vestre felt, ubyggt i austre. Ukjent brukspotensial.		Tiltaka kan verke privatiserande. Reg.plan/byggesak må sikre at tiltaka ikkje privatiserer heile strandsona.	-

Samla konsekvens


Innspelet i område vest for Rivedalselva rører kjerneområde landbruk, men truleg så lite at det kan aksepteras. Innspela er lokalisert i landskapsområde med stor regional verdi lokalt og i område med sefrak-registrerte bygg.

Innspelet i aust ligg i brattlendt terren og er lite tilgjengeleg i dag. Det vil vere krevje terrennginngrep å etablere tilkomst og sjølve tiltaket.

Fagleg konklusjon: Innspelet i vest vert teke inn i planen, innspelet i aust tilrår vi at vert avvist.

Styringsgruppa sin konklusjon: Området i aust og området i vest vert teke med som byggjeområde naust. Begge områda omfattar eksisterande naustrettar. Området i aust har tilkomst med traktorveg.

3.3.6 Rivedalselva (eigedom 216/ 32 – NVE)



Areal: 45 daa


Status i gjeldande plan: Området er ikke regulert. I overordna plan er området vist som LNF.

Framlegg til ny arealbruk: Konsesjonssøknad sendt NVE. Avsett omsynssone i tråd med NVE sitt ønskje.

Omtale av område: Elv, myr, skog, fulldyrka jord og innmarksbeite. Sørlege del av tiltaket ligg i kjerneområde landbruk. Nedre del av Kviene og Kvieelva er lakseførande elvestrekningar.

Konsekvensvurdering gjerast i konsesjonshandsaming utført av NVE.

3.3.7 Bakkevatnet (gnr 212/3 mfl - dok 73)



Areal: 218 daa

Status i gjeldende plan: Området er ikke regulert. I overordna plan er området vist som LNF.

Framlegg til ny arealbruk: LNF spreidd fritidsbustad. Ønskjer å leggje til rette for einskilde nye fritidsbustadar (hytte) ved vatnet. Hevdar det vil gje auka bruk og tilgang til vatnet.

Omtale av utbyggingsområde:

Tur-/naturområde rundt vatn. Nokså lite opparbeida, moderat tilgjengeleg.

Verdisetting av område og konsekvensvurdering ved ny arealbruk:

KU- tema	Registreringer /kunnskapsgrunnlag	Verdi	Konsekvensvurdering (omfang)	Konsekvens
1. Areal- og transport	Ligg ca. 1 km fra fylkesveg og ca. 1,5 km fra Holmedal sentrum.			0
2. Barn og unge	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
3. Friluftsliv og rekreasjon	Lokalt viktig friluftsområde (FRIDA).		Konflikt med lokalt viktig friluftsområde	-
4. Infrastruktur og offentlege tenester	Området ligg ca. 300 meter fra nærmeste lokale veg		Krev veg til området og ev. utbetring av eksist. lokalveg.	-

5. Samfunnstryggleik	Sjå ros-analyse		Liten til moderat risiko for skredfare og flaum. Ved reguleringsplan/ tiltak skal det utarbeidast faresonekart for å kartlegge nærmere sannsyn for ulike rastyper. Bygg bør plasserast min 3 moh. over normalvasstand. Ved regulering eller byggesak nærmere vatn enn 20 m må byggegrense fra vatn vurderast. Bygningar bør plasserast utanfor magnetisk felt.	-
6. Næring og sysselsetting	Ikkje relevant			0
7. Universell utforming	Ikkje relevant			0
8. Landskap og estetikk	Regionalt nivå: landskapsområde Fjaler vanleg førekommende landskap (C) Lokalt nivå: landskapsområde Holmedal vanlig førekommende landskap (C)	C	Ingen konflikt	0
9. Kulturminne og kulturmiljø	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
10. Naturverdiar og biologisk mangfold	Ingen registreringar. Teknisk inngrep ligg lenger opp slik at det ikkje påverker INON-områda.		Ingen kjent konflikt	0
11. Primærnæring	Skog, myrer og eit innmarksbeite i bruk		Konflikt med innmarksbeite (avhengig av utforming av tiltak)	0 / -
12. Strandsone	Lokalisert ved vatn. Mesteparten av området ligg i 100m-beltet og brukt til friluftsliv. Området skrånar ned mot vatnet. Enkelte bygningar på sørsida av vatnet.		Konflikt med strandsonevern	--

Samla vurdering


Ein stor del av innspelet ligg i strandsona for Bakkevatnet, som er nytta til friluftsområde og innmarksbeite. Ein spreidd utbygging kan innebere privatisering, men kan også bidra til å auke tilgjengelegheta til området.

Fagleg konklusjon: Minste avstand frå vatn – 30m mellom husvegg og strandline. Tal på nye fritidsbustader i planperioden = 4. Byggesaka skal vurdere lokalisering i høve til å ikkje privatisere i vasskanten.

Styringsgruppa sin konklusjon: Området vert teke med som LNF spreidd med rom for 6 fritidshus. Hyttene må vere små, om lag som sel, og det er ikkje aktuelt med vegtilkomst eller innlagt vatn/avløp. Byggjegrense mot vatnet 20m.

Styringsgruppa sin konklusjon etter 1. gongs offentleg ettersyn: Eigedomane på sørsida av vatnet, der grunneigarane ikkje ønskjer utbygging, vert teke ut av området. Tillatt tal hytter vert redusert til 4.

3.3.8 Bakkeelva, Holmedal (fleire eigedomar - dok 54)



Areal: 40 daa

Status i gjeldande plan: Området er ikke regulert. I overordna plan er området vist som LNF.


Planlagt ny arealbruk: Bandlagt etter anna lovverk Ønskjer å etablere småkraft.

Omtale av område: Elv, open jorddekt fastmark, open skrinn fastmark og skog. Turstiar til Storekletten og til Nyksvatnet. Sefrak- registrerte bygg.

Konsekvensvurdering gjerast i konsesjonshandsaming utført av NVE.

Styringsgruppa sin konklusjon etter 1. gongs offentleg ettersyn: Delen som går i aust-vest retning er ikke konsesjonssøkt, og vert teke ut av planen.

3.3.9 Kleppeneset (eigedom 2/ 3 og 4 – dok 62)



Status i gjeldande plan: Området er ikkje regulert. I overordna plan er området vist som LNF.

Framlegg til ny arealbruk: Byggjeområde bustadføremål.

Omtale av utbyggingsområde: Sørvendt areal langs fylkesvegen. Ein skrent opp til eit høgareliggende område.

Verdisetting av område og konsekvensvurdering ved ny arealbruk:

KU- tema	Kunnskapsgrunnlag/ registreringar	Verdi	Omfangsvurdering	Konsekvens
1. Areal- og transport	Ligg langs fylkesveg 609 i bygd område. Skule, SFO og barnehage i Holmedal (ca. 1 km unna). Busstopp rett aust for området.		Ligg relativt nære bygdesenter og kan seiast å vere i tråd med retningslinene for areal og transport.	+
2. Barn og unge	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
3. Friluftsliv og rekreasjon	Ingen registrering		Ingen konflikt	0
4. Infrastruktur og offentlege	Tilgjenge rett frå fylkesveg 609.		Byggegrense frå fylkesveg 609 på dette strekket er i	0 / -

tenester			utgangspunktet 50m fra senterline. Vurderast i reg.plan. Høgareliggende område vanskeleg å komme til.	
5. Samfunnstryggleik			Liten til moderat risiko for skredfare. Ved reguleringsplan/ tiltak skal det utarbeidast faresonekart for å kartlegge nærmere sannsyn for ulike rastyper. Området er utsett for vind. Fylkesveg er ikkje utforma i tråd med normalane. Liten trafikkfare.	
6. Næring og sysselsetting	Ikkje relevant			0
7. Universell utforming	Krav om UU følger av TEK 10		Blir ivareteke som følgje av TEK 10	0
8. Landskap og estetikk	Regionalt nivå: landskapsområde Fjaler vanleg førekommande landskap (C) Landskapsområde Lokalt nivå: Dalsfjorden stor regional verdi (B)	C/B	Tiltaket er lokalisert i landskap med stor regional verdi lokalt. Omfang og konsekvens avhengig av utforming av plan og tiltak. Dei høgareliggende områda er meir eksponert.	0/-
9. Kulturminne og kulturmiljø	2 sefrak- registrerte bygg.		Ingen konflikt dersom nye tiltak vert lokalisert og utforma med omsyn til verdiar i eksisterande naustmiljø.	0/-
10. Naturverdiar og biologisk mangfold	Ingen registreringar		Ingen konflikt	0
11. Primærnæring	Stor del av området er i konflikt med dyrka mark –fulldyrka og overflatedyrka.		Mykje av innspelet i konflikt med jordvernet.	--
12. Strandsone	Delvis lokalisert i 100-meters beltet		Liten konflikt dersom avgrensing slik at randsona mot sjø vert ivaretatt.	0/-


Samla vurdering

Ein stor del av innspelet er i konflikt med jordvernet. Dei øvrige delane er enten bratte eller høgtliggande og lite tilgjengelege. Ein bør sjå etter mindre konfliktfylte areal før dette innspelet vert teke til følgje.

Fagleg konklusjon: Vi tilrår at innspelet vert avvist, men kan takast opp til ny vurdering ved neste rulling.

Styringsgruppa sin konklusjon: Området vert teke med som byggjeområde bustad. Området aust for gardstunet og høgareliggjande areal vert teke ut. Området sør for fylkesvegen vert teke med som LNF spreidd, jfr. kap. 3.3.10.

3.3.10 Kleppeneset/Bakkeneset (styringsgruppemøte 7.10.2013)



Areal: 55 daa

Status i gjeldande plan: Området er ikke regulert. I overordna plan er området vist som LNF.

Framlegg til ny arealbruk: Spreidd bustad (evt byggjeområde bustad)

Omtale av utbyggingsområde:

Sørvendt areal langs fylkesvegen. Noko av innspelet er ein skrent.

Verdisetting av område og konsekvensvurdering ved ny arealbruk:

KU- tema	Kunnskapsgrunnlag/ registreringar	Verdi	Omfangsvurdering	Konsekvens
1. Areal- og transport	Ligg langs fylkesvegen i bygd område. Skule, SFO og barnehage i Holmedal (ca. 600 m unna)			+
2. Barn og unge	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
3. Friluftsliv og rekreasjon	Ingen registrering		Ingen konflikt	0
4. Infrastruktur og offentlege	Ligg ved fylkesveg.		50m byggegrense frå veg i utgangspunktet	0

tenester				
5. Samfunns-tryggleik			Liten til moderat risiko for skredfare. Ved reguleringsplan/ tiltak skal det utarbeidast faresonekart for å kartlegge nærmere sannsyn for ulike rastyper. Bygg bør plasserast min 3 moh. over normalvasstand. Fylkesveg og lokal veg er ikke utformet i tråd med normalane. Liten trafikkfare. Bygningar bør plasserast utanfor magnetisk felt.	
6. Næring og sysselsetting	Ikkje relevant			0
7. Universell utforming	Ikkje relevant			0
8. Landskap og estetikk	Regionalt nivå: landskapsområde Fjaler vanleg førekommende landskap (C) Landskapsområde Lokalt nivå: Dalsfjorden stor regional verdi (B)	C/B	Tiltaket er lokalisert i landskap med stor regional verdi lokalt. Omfang og konsekvens avhengig av utforming av plan og tiltak.	0/-
9. Kulturminne og kulturmiljø	3 aut. freda kulturminne: bosetting-aktivitetsområder. 2 meldepliktige sefrak-registrerte bygg sjøbu og løe		I konflikt med 3 aut. freda kulturminner og 2 meldepliktige sefrak-registrerte	--
10. Naturverdiar og biologisk mangfold	Ingen registreringar		Ingen kjent konflikt	0
11. Primærnæring	I hovudsak overflatedyrka jord. Noko fulldyrka jord, uproduktiv skog og open jorddekt fastmark.		Konflikt med jordvernet	--
12. Strandsone	Mesteparten lokalisert i 100-meters beltet		Liten konflikt dersom avgrensing slik at randsona mot sjø vert ivaretatt.	0/-


Samla vurdering: Innspelet er nær Holmedal, men i konflikt med jordvernet og tett på automatsk freda kulturminne. I tillegg er det i utgangspunktet 50m byggegrense frå fylkesveg.

Fagleg konklusjon: Vi tilrår at innspelet avvisast, men kan vurderast på nytt ved neste rullering.

Styringsgruppa sin konklusjon: Området vert teke med som LNF spreidd med rom for 4 bustader. Bratt areal i nord vert teke ut. Innspel om bustad i søraust vert teke med, jfr. kap. 3.3.9.

Styringsgruppa sin konklusjon etter 1. gongs offentleg ettersyn: Fylkesmannen har motsegn mot området ut frå strandsonevern. Byggjegrense langs sjø er sett ut frå kor eksisterande bygningar er plassert og dei naturgjevne tilhøva med fjellhyller. Området i vest vert teke ut fordi det ikkje er aktuelt å byggje der (kulturminne, byggjegrense langs fylkesveg).

3.3.11 Bakkefjæra (styringsgruppemøte 7.10.2013)



Areal: 1,9 daa

Status i gjeldande plan: Området er ikke regulert. I overordna plan er området vist som LNF.

Framlegg til ny arealbruk: Byggjeområde naust

Omtale av utbyggingsområde: Er ei utviding av der det ligg 2 naust i dag. Dei har ikke vegtilkomst.

Verdisetting av område og konsekvensvurdering ved ny arealbruk:

KU- tema	Registreringer /kunnskapsgrunnlag	Verdi	Konsekvensvurdering (omfang)	Konsekvens
1. Areal- og transport	Ligg rett ved Holmedal sentrum og vil tene busettinga der.			+
2. Barn og unge	Frå folkemøte: ønskje om ny badefjære.		Konflikt med ønskje om ny badefjøre.	-
3. Friluftsliv og rekreasjon	Bakkevika -lokalt viktig friluftsområde (FRIDA). Badestrand, turveg/friluft.		Mogleg konflikt med lokalt viktig friluftsområde	0/-

4. Infrastruktur og offentlege tenester	Utan tilkomstveg. Ligg ca. 100 meter sør for fylkesveg 609.		Tilkomst og avkørsle må vurderast i plan/tiltak	0
5. Samfunnstryggleik				
6. Næring og sysselsetting	Ikkje relevant			0
7. Universell utforming	Ikkje relevant			0
8. Landskap og estetikk	Regionalt nivå: landskapsområde Fjaler vanleg førekommende landskap (C) Landskapsområde Dalsfjorden stor regional verdi (B)	C/B	Tiltaket er lokalisert i landskap med stor regional verdi. Omfang og konsekvens avhengig av utforming av plan og tiltak.	0/-
9. Kulturminne og kulturmiljø	Aut. freda kulturminne: bautasteinslokalitet. Sefrak- registrerte bygg: 2 naust som er meldepliktige og ruin etter 2 naust. Grenser til 2 aut. freda kulturminne: gravminner.		I konflikt med aut. freda kulturminne.	- -
10. Naturverdiar og biologisk mangfold	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
11. Primærnæring	Fulldyrka jord ligg på oppsida (AR5).			
12. Strandsone	Del av 100m-beltet, heilt i vasskanten. Nær Holmedalbygda		Høgt brukspotensial, kan verke privatiserande.	-


Samla vurdering

Innspelet går tett på aut.freda kulturminne og jordbruksareal, og har behov for etablering av tilkomstveg. Det er også uttrykt interesse for annan bruk av arealet.

Fagleg konklusjon: Vi tilrår at innspelet avvisast.

Styringsgruppa sin konklusjon: Området vert teke med som byggjeområde naust. Området omfattar eksisterande naustrettar. Det går traktorveg fram. Badefjære er planlagt på naboeigedomen i aust.

3.3.12 Bogevika – Holmedal (dok 56)



Lengd: 1950m

Status i gjeldande plan: Området er ikke regulert. I overordna plan er området vist som LNF.

Framlegg til ny arealbruk: Gang- og sykkelveg. Trasé ikke klarlagt.

Omtale av utbyggingsområde

Tiltaket følger fylkesveg 609.

Verdisetting av område og konsekvensvurdering ved ny arealbruk:

KU- tema	Kunnskapsgrunnlag/ registreringar	Verdi	Omfangsvurdering	Konsekvens
1. Areal- og transport	Legg til rette for mjuke trafikantar i eksist. og nye bustadområde i Holmedal, Bakkeneset, Kleppeneset og Boge		Positiv konsekvens	++
2. Barn og unge	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
3. Friluftsliv og rekreasjon	Bakkevika -lokalt viktig (FRIDA).		Vil gjøre det lokale friluftsområde meir tilgjengeleg	+
4. Infrastruktur og	Trafikksikker veg for		Positiv konsekvens	++

offentlege tenester	mjuke trafikantar			
5. Samfunnstryggleik	Sjå ros-analyse		Liten til moderat risiko for skredfare og flaum. Ved reguleringsplan/ tiltak skal kommunen vurdere om det skal utarbeidas faresonekart for å kartlegge nærmere sannsyn for ulike rastypar. Området er noko utsett for vind. Tiltaket vil føre til betre trafikktrygging.	+
6. Næring og sysselsetting	Ikkje relevant			0
7. Universell utforming	Tilstrebe universell utforming		Universell utforming skal vurderast i reg.plan.	0
8. Landskap og estetikk	Regionalt nivå: landskapsområde Fjaler vanleg førekommande landskap (C) Landskapsområde Lokalt nivå: Dalsfjorden stor regional verdi (B)	C/B	Tiltaket er lokalisert i landskap med stor regional verdi lokalt. Omfang og konsekvens avhengig av utforming av plan og tiltak.	0/-
9. Kulturminne og kulturmiljø	Ingen registreringar	0	Ingen kjent konflikt	0
10. Naturverdiar og biologisk mangfold	Ingen registreringar	0	Ingen kjent konflikt	0
11. Primærnæring	I randsona av skog, fulldyrka og overflatedyrka jord og innmarksbeite. (AR5). Deler av traséen inngår på aktive bruk.		I konflikt med jordvern	--
12. Strandsone	Ligg i 100m-beltet		Mogleg konflikt med strandsonevern. Omfang og konsekvens avhengig av utforming av plan og tiltak.	0/-

Samla vurdering


Tiltaket vil legge til rette for mjuke trafikantar å gå og sykle frå Holmedal til eksisterande og planlagde bustader og bustadfelt i Bakkeneset, Kleppeneset og Boge. Dette vil også skape

ein meir trafikksikker situasjon. Tiltaket vil også gjere det lokale friluftsområde i Bakkevika meir tilgjengeleg. Delar av traséen er i konflikt med aktivt jordbruk og jordvern.

Fagleg konklusjon: Innspelet vert teke inn i planen.

Styringsgruppa sin konklusjon: Innspelet vert teke med i planen. Trasé kan vere aktuelt på begge sider av fylkesvegen, og må avklarast i reguleringsplan.

3.3.13 Holmedal (dok 77)



Lengd: 490m.

Status i gjeldende plan: Ikke regulert. I overordna plan er området vist som LNF.

Framlegg til ny arealbruk: Omlegging av eksisterande samleveg Holmedal – Håland i 2 alternativ.

Omtale av utbyggingsområde:

Området er prega av dyrka mark, beite og skog. Ligg rett nord for Holmedal sentrum.

Verdisetting av område og konsekvensvurdering ved ny arealbruk:

KU- tema	Kunnskapsgrunnlag/ registreringar	Verdi	Omfangsvurdering	Konsekvens
1. Areal- og transport	Ikke relevant			0
2. Barn og unge	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
3. Friluftsliv og rekreasjon	Kryssar sti og delar inngår i lokalt viktigfriluftsområde (FRIDA – grove avgrensinger).		Stirasé må sikrast i reg.plan.	0
4. Infrastruktur og	Ny og trafikksikker		Positiv konsekvens for	++

offentlege tenester	veg.		trafikktryggleik	
5. Samfunnstryggleik	Sjå ros-analyse		Liten til moderat risiko for skredfare. Ved reguleringsplan/ tiltak skal det utarbeidast faresonekart for å kartlegge nærmere sannsyn for ulike rastyper. Tiltaket fører til trafikktrygging.	0
6. Næring og sysselsetting	Ikkje relevant			0
7. Universell utforming	Tilstrebe universell utforming		Universell utforming skal vurderas i reg.plan.	0
8. Landskap og estetikk	Landskapsområde Lokalt nivå: Dalsfjorden stor regional verdi (B)	B	Omfang og konsekvens avhengig av utforming av plan og tiltak.	0/-
9. Kulturminne og kulturmiljø	Steingarder i området. Grensar til 5 sefrak-registrerte bygg kor eit er meldepliktig.		I konflikt med steingarder. Omlegging av veg er lenger aust og har positiv konsekvens for sefrak-regist. bygg.	-
10. Naturverdiar og biologisk mangfald	Ingen registreringar		Ingen konflikt	0
11. Primærnæring	Del av kjerneområde landbruk	A	I konflikt med jordvernet	---
12. Strandsone	Ikkje relevant			0

Samla vurdering


Tiltaket vil legge til rette for ny og trafiksikker veg som går utanom tun med fleire sefrak-registrerte bygg. Austre alternativ kjem i konflikt med eksisterande steingarder og kjerneområde landbruk, men truleg ein betre løysing enn tidlegare regulert strekning som gikk på vestsida av gardstunet og over jordet (vestre alternativ).

Fagleg konklusjon: Innspelet vert teke inn i planen.

Styringsgruppa sin konklusjon: Innspelet vert teke med i planen med begge alternativa. Val av trasé må gjerast i reguleringsplan.

Styringsgruppa sin konklusjon etter 1. gongs offentleg ettersyn: Reguleringsplan for veg er vedteken og følgjer vestre alternativ. Linene vert tekne ut av planen. Reguleringsplanen vert lagt inn i plankartet.

3.3.14 Holmedal (eigedom 205/20 – muntleg)



Storleik: 1 dekar

Status i gjeldande plan: Området er regulert til bustad i gammel reguleringsplan 14281975001 (Holmedal). I overordna plan er området vist som LNF.

Framlegg til ny arealbruk: Byggeområde tenesteyting. (utviding av barnehage)

Omtale av utbyggingsområde: Eksisterande bustad.

Verdisetting av område og konsekvensvurdering ved ny arealbruk:

KU- tema	Kunnskapsgrunnlag/ registreringar	Verdi	Omfangsvurdering	Konsekvens
1. Areal- og transport	Ligg i forlenginga av Holmedal barnehage, ligg i bustadområde og ca. 100 meter fra Holmedal sentrum		Positiv konsekvens	++
2. Barn og unge	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
3. Friluftsliv og rekreasjon	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
4. Infrastruktur og offentlege tenester	Fleire barnehageplassar.		Positiv konsekvens	++

5. Samfunns-tryggleik	Sjå ros- analyse		Liten til moderat risiko for skredfare. Ved reguleringsplan/ tiltak skal kommunen vurdere om det skal utarbeidas faresonekart for å kartlegge nærmare sannsyn for ulike rastyper. Fylkesveg og lokal tilkomstveg er ikke utforma i tråd med normalane. Liten trafikkfare.	-
6. Næring og sysselsetting	Ikkje relevant			0
7. Universell utforming	Krav om universelt utforma tilkomst til barnehagar. Terrenget skrånar lett austover		Blir ivareteke som følgje av TEK 10.	0
8. Landskap og estetikk	Landskapsområde Lokalt nivå: Dalsfjorden stor regional verdi (B)	B	Tiltaket er lokalisert i landskap med stor regional verdi lokalt. Omfang og konsekvens avhengig av utforming av plan og tiltak.	0/-
9. Kulturminne og kulturmiljø	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
10. Naturverdiar og biologisk mangfold	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
11. Primærnæring	Bygd		Ingen konflikt	0
12. Strandsone	Ikkje relevant			0


Samla vurdering

Tiltaket vil legge til rette for fleire barnehageplasser i bustadområde og nær Holmedal sentrum. Tiltaket er i forlenginga av eksisterande barnehage.

Fagleg konklusjon: Innspelet vert teke inn i planen.

Styringsgruppa sin konklusjon: Området vert ikkje teke inn i planen. Utviding av barnehagen er ikkje aktuelt dei første åra. Kommunen må gå i dialog med grunneigar før området evt. vert teke med i plan.

3.3.15 Skaret, Holmedal (eigedom 205/ 1 – folkemøteinnspeil)



Storleik: 24,3 dekar

Status i gjeldande plan: Området er ikkje regulert. I overordna plan er området vist som LNF .

Framlegg til ny arealbruk: Byggeområde bustad. Ønskjer å leggje til rette for nye bustadar nær Holmedal sentrum.

Omtale av utbyggingsområde: Området er prega av skog og ligg i bratt terreng. Området er sør vendt og ligg aust for fylkesvegen. Det ligg eit bustadfelt sørvest og eit søraust for området.

Verdisetting av område og konsekvensvurdering ved ny arealbruk:


KU- tema	Kunnskapsgrunnlag/ registreringar	Verdi	Omfangsvurdering	Konsekvens
1. Areal- og transport	Ligg rett aust for fylkesveg 609, ca 0,5 km frå Holmedal sentrum og Holmedal Montesorriskule. Ca 7 km frå Askvoll, ca. 45 km til Førde		Området ligg nærm Holmedal sentrum.	+
2. Barn og unge	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0

3. Friluftsliv og rekreasjon	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
4. Infrastruktur og offentlege tenester	Ligg rett ved lokale vegar. ca. 150 m fra fylkesvegen i vest og ca. 400 m fra fylkesvegen i aust. Ca 200 m til barnehage og ca. 500 m til skule. Fortau på kortare strekk i sentrum av Holmedal		Krev utbetring av eksisterande veg i området. Byggegrense fra fylkesveg 609 på dette strekket er i utgangspunktet 50m fra senterline. Vurderast i reg.plan.	+
5. Samfunnstryggleik	Sjå ros-analyse		Liten til moderat risiko for skredfare. Ved reguleringsplan/ tiltak skal det utarbeidast faresonekart for å kartlegge nærmere sannsyn for ulike rastyper. Fylkesveg og lokal veg er ikkje utforma i tråd med normalane. Liten trafikkfare.	-
6. Næring og sysselsetting	Ikkje relevant			0
7. Universell utforming	Ikkje relevant			0
8. Landskap og estetikk	Landskapsområde Lokalt nivå: Dalsfjorden stor regional verdi (B)	B	Tiltaket er lokalisert i landskap med stor regional verdi lokalt. Omfang og konsekvens avhengig av utforming av plan og tiltak.	0/-
9. Kulturminne og kulturmiljø	Ingen registrering innafor området		Ingen kjent konflikt	0
10. Naturverdiar og biologisk mangfold	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
11. Primærnæring	I hovudsak brattlendt skog med høg bonitet, eit mindre område i aust er innmarksbeite.		Konflikt mot høgbonitet skog (i bratt skråning) og noko jordvern	--
12. Strandsone	Ikkje relevant			0

Samla vurdering

Innspelet vil legge til rette for fleire bustader i nærleiken av Holmedal sentrum, og har relativt kort avstand til skule og barnehage, samt sentrumsfunksjonar. Deler av innspelet ligg i terrenget som er for bratt for byggeland/ utbygging.


Fagleg konklusjon: Vi tilrår at innspelet vert redusert (sjå nedanfor) og teke inn i planen.



Styringsgruppa sin konklusjon: Området vert teke med som byggjeområde bustad. Den nordaustre delen vert teke ut.

Styringsgruppa sin konklusjon etter 1. gongs offentleg ettersyn: Grunneigar ønskjer ikkje området. Området vert teke ut av planen.

3.3.16 Blakkstad - Mork (fleire eigedomar – folkemøteinnspele)



Storlek: 307 dekar

Status i gjeldande plan: Området er ikkje regulert. I overordna plan er området vist som LNF .

Innspel: Ønskjer å leggje til rette for einskilde bustadar.

Framlegg til ny arealbruk: : Spreidd bustad.

Omtale av utbyggingsområde: Område er prega av spreidd gardsbusetnad med dyrka mark. Ligg langs lokal veg.

Verdisetting av område og konsekvensvurdering ved ny arealbruk:

KU- tema	Kunnskapsgrunnlag/ registreringar	Verdi	Omfangsvurdering	Konsekvens
1. Areal- og transport	Ligg ca. 100 m nord for fylkesveg 609, ca 2 km frå Holmedal og Holmedal Montesorriskule. Ca 5 km frå Askvoll, ca. 47 km til Førde		Området ligg eit stykke unna Holmedal sentrum og er ikkje eigna som bustadområde, men det er positivt å legge til rette for nokre bustadar for å ta vare på eit kulturlandskap og opne for	-

			tilbakeflytting.	
2. Barn og unge	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
3. Friluftsliv og rekreasjon	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
4. Infrastruktur og offentlege tenester	Lokal, smal veg gjennom området som har ein kjørebredde på under 4m. Er kopla på fylkesvegen, ca. 100 m unna. Ca 2 km til barnehage og ca. 2 km til skule.		Byggegrense frå kommunal veg på dette strekket er i utgangspunktet 15m frå senterline. Vurderast i reg.plan.	0
5. Samfunnstryggleik	Sjå ros- analyse		Liten til moderat risiko for skredfare. Liten fare for flaum. Ved reguleringsplan/ tiltak skal det utarbeidast faresonekart for å kartlegge nærmere sannsyn for ulike rastyper. Ved regulering eller byggesak nærmare elv enn 20 m må byggegrense frå elv vurderast. Fylkesveg og lokal veg er ikkje utforma i tråd med normalane. Liten trafikkfare.	-
6. Næring og sysselsetting	Ikkje relevant			
7. Universell utforming	Ikkje relevant			
8. Landskap og estetikk	Landskapsområde Lokalt nivå: Holmedal vanleg landskap (C)	C	Tiltaket er lokalisert i landskap med stor regional verdi lokalt. Omfang og konsekvens avhengig av utforming av plan og tiltak.	0
9. Kulturminne og kulturmiljø	Mange sefrak-registrerte bygg, både meldepliktige og anna.		Ingen konflikt dersom nye tiltak vert lokalisert og utforma med omsyn til verdiar i eksisterande bygningsmiljø.	0/-
10. Naturverdiar og biologisk mangfold	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
11.	Del av område kjerneområde		Del av området i konflikt – området bør	--

Primærnæring	landbruk		avgrensast	
12. Strandsone	Ligg utanfor 100m-beltet			0

Samla vurdering


Opning for enkelte nye bustadar kan bidra til å oppretthalde kulturlandskapet i si noverande form.

Fagleg konklusjon: Vi rår til at området vert vist som LNF-spreidd busettnad med ny avgrensning slik at det ligg utan konflikt med kjerneområde landbruk. Tal på nye bustader i planperioden = 2

Styringsgruppa sin konklusjon: Området vert teke med som LNF spreidd med rom for 2 bustadhus og 2 fritidshus. Kjerneområde landbruk vert teke ut. Området vert også avgrensa slik at den nordlege og høgstliggjande delen vert teken ut.

Styringsgruppa sin konklusjon etter 1. gongs offentleg ettersyn: Etter merknader fra grunneigarar vert den nordlege og høgstliggjande delen teken inn i planen.

3.3.17 Fjellalandet (eigedom 204/1 og 15 – dok 11)



Storlek: 80 dekar

Status i gjeldande plan: Området er ikke regulert. I overordna plan er området vist som LNF.

Framlegg til ny arealbruk: Byggeområde fritidsbustad.

Omtale av utbyggingsområde: Området ligg mellom fylkesveg 361 og Dalsfjorden. Området er prega av gardsbruk. Det er også 3 fritidsbustader i området

Verdisetting av område og konsekvensvurdering ved ny arealbruk:

KU- tema	Kunnskapsgrunnlag/ registreringar	Verdi	Omfangsvurdering	Konsekvens
1. Areal- og transport	Ligg langs fylkesveg 361 som går gjennom området. Ligg ca. 1 km i sør fra Holmedal og ca. 2 km sør for Montessoriskule. Ca 5 km fra Askvoll			0
2. Barn og unge	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
3. Friluftsliv og rekreasjon	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0

4. Infrastruktur og offentlege tenester	Fylkesveg utan midtstripe.		Krev utbetring av og nye avkjørsler fra fylkesveg. Byggegrense fra fylkesveg 361 på dette strekket er i utgangspunktet 15m fra senterline. Vurderast i reg.plan.	0
5. Samfunnstryggleik	Sjå ros-analyse		Liten til moderat risiko for skredfare. Liten fare for flaum. Ved reguleringsplan/ tiltak skal det utarbeidast faresonekart for å kartlegge nærmere sannsyn for ulike rastyper. Bygg bør plasserast min 3moh over normalvasstand. Ved regulering eller byggesak nærmare elv enn 20 m må byggegrense fra elv vurderast. Fylkesveg er ikke utformet i tråd med normalane. Liten trafikkfare. Bygningar bør plasserast utanfor magnetisk felt.	-
6. Næring og sysselsetting	Ikkje relevant			0
7. Universell utforming	Ikkje relevant			0
8. Landskap og estetikk	Landskapsområde Lokalt nivå: Dalsfjorden -stor regional verdi (B)	B	Omfang og konsekvens avhengig av utforming av plan og tiltak.	0/-
9. Kulturminne og kulturmiljø	I konflikt med meldepliktig sefrak-registrert bygg: kvernehus i Vik. Grenser til sefrak-registrert bygg, eit i nord og eit i sør.		Ingen konflikt dersom nye tiltak vert lokalisert og utformet med omsyn til verdiar i eksisterande bygningsmiljø.	0/-
10. Naturverdiar og biologisk mangfold	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
11. Primærnæring	I hovudsak innmarksbeite. Noko fulldyrka og overflatedyrka jord og skog		Konflikt med jordvernet	--

12. Strandsone	Størsteparten av tiltaket ligg i 100-meters belte. Ytre del av strandsona er bratt og lite tilgjengeleg.		Konflikt med strandsonevernet	--
----------------	--	--	-------------------------------	----

Samla vurdering

Tiltaket vil opne for fritidsbustader på Fjellalandet. Tiltaket er i konflikt med jordvernet og strandsonevernet. Nærleik til Holmedal.

Fagleg konklusjon:


Vi tilrår at området ikkje leggast ut til fritidsbustader, men til Inf-spreidd busetnad.

Vi tilrår at det vert opna for nokre bustadar, men at området avgrensast til dei flate delane. Dei delane som har samanhengande fulldyrka mark og er bratt ned mot sjøen takast ut. Utbygging bør skje i nærleiken av eksisterande busetnad og slik at ein ikkje byggjer ned jordbruksareal eller privatiserer i strandsona.

Å opne for einskilde bustadar i området vil kunne bidra til busetting som i tur bidreg til å ivareta kulturlandskapet. Tal på nye bustader i planperioden = 2

Styringsgruppa sin konklusjon: Området vert teke med som LNF spreidd, og vert slått sammen med innspel i kap. 3.3.18. Det vert ikkje opna for hyttefelt, men enkelte fritidsbustader.

3.3.18 Helle- Vårdal (styringsgruppemøte 7.10.2013)



Areal: 876 daa

Status i gjeldende plan: Ikke regulert. I overordna plan er området vist som LNF.

Framlegg til ny arealbruk: Spreidd bustad og naust

Omtale av utbyggingsområde: Langstrakt, sørvendt mot fjorden.

Verdisetting av område og konsekvensvurdering ved ny arealbruk:

KU- tema	Kunnskapsgrunnlag/ registreringar	Verdi	Omfangsvurdering	Konsekvens
1. Areal- og transport	Fylkesveg 361 går gjennom området. Ligg ca. 1 km fra Holmedal og ca. 2 km sør for Montessoriskule. Ca 5 km fra Askvoll			0
2. Barn og unge	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
3. Friluftsliv og rekreasjon	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0


4. Infrastruktur og offentlege tenester	Fylkesveg utan midtstripe. Ca. 1,5 km til barnehage og ca. 2 km m til skule fra nordlig del av område.		Byggegrense frå fylkesveg 361 på dette strekket er i utgangspunktet 15m frå senterline. Vurderast i reg.plan.	0
5. Samfunnstryggleik	Sjå ros-analyse		Liten til moderat risiko for skredfare. Liten fare for flaum. Ved reguleringsplan/ tiltak skal det utarbeidast faresonekart for å kartlegge nærmere sannsyn for ulike rastyper. Bygg bør plasserast min 3moh over normalvasstand. Ved regulering eller byggesak nærmere elv enn 20 m må byggegrense frå elv vurderast. Fylkesveg er ikke utforma i tråd med normalane. Liten trafikkfare. Bygningar bør plasserast utanfor magnetisk felt.	-
6. Næring og sysselsetting	Ikkje relevant			0
7. Universell utforming	Ikkje relevant			0
8. Landskap og estetikk	Frå Vårdalsneset og nordover del av landskapsområde Lokalt nivå: Dalsfjorden - stor regional verdi (B) Sør for Vårdalsneset del av landskapsområde Villnesfjorden - vanleg førekommende landskap (C)	B/ C	En god del av tiltaket er lokalisert i landskap med stor regional verdi lokalt. Omfang og konsekvens avhengig av utforming av plan og tiltak.	0/-
9. Kulturminne og kulturmiljø	Aut. freda bosetting-aktivitetsområde på Vårdalsneset. Mange sefrak- registrerte bygg, både meldepliktige og anna sefrak- bygg og ruin eller fjerna objekt. Dei fleste frå Vårdal skule og Vårdalsneset og nordover.		Konflikt med aut. freda arkeologisk minne og mange sefrak- registrerte bygg. Liten konflikt dersom nye tiltak vert lokalisert og utforma med omsyn til verdiar i eksisterande bygningsmiljø.	- -/ - - -

10. Naturverdiar og biologisk mangfald	Vårdalsnes: dam - verdi: viktig Brennene: Rik edellauvskog - lokalt viktig I Vårdalsflua (sjø): «Askvoll»: Israndavsetninger-verdi: viktig	B/ C	Mindre deler av området er i konflikt med viktig og lokalt viktig naturtyper	-
11. Primærnæring	Belte med kjerneområde landbruk fra Ytre Vårdal til Indre Vårdal. Ein god del fulldyrka jord og innmarksbeite, noko skog og overflatedyrka jord (AR5).		Konflikt med jordvernet	--/-/-
12. Strandsone	Ein god del av tiltaket er lokalisert i 100m-beltet.		Liten konflikt dersom avgrensing slik at randsona mot sjø vert ivaretatt. Behov for byggegrense mot sjø som må vurderast i reguleringsplan.	0/-

Samla vurdering

Tiltaket vil opne for spreidde bustader på Gjerdet Vårdal og Brennene. Tiltaket er i konflikt med viktig og lokalt viktig naturtyper, samt konflikt med jordvernet. Byggetiltak må lokaliserast slik at dei ikkje er i konflikt med kulturlandskap eller tilgang til strandsona

Fagleg konklusjon: Vi tilrår at innspelet bør avgrensast i høve til viktige naturtyper og kjerneområde landbruk, samt dei delane som har samanhengande fulldyrka mark. Vidare at det vert opna for nokre bustadar, men at området avgrensast til dei flate delane.




Vi føreslår at innspelet utelukker ein del av områda nedanfor vegen, og alt kjerneområde landbruk. Arealet over vegen og noko av det nedanfor, der det er breiast mot sjø, kan godkjennast.

Tal på nye bustader i planperioden = 4

Styringsgruppa sin konklusjon: Området vert teke med som LNF spreidd med rom for 8 bustader, 2 fritidshus og 2 næringsbygg. Kjerneområde landbruk vert teke ut. Areal på Fjellalandet og Helle vert teke inn i området, jfr. kap. 3.3.17 og 3.3.20.

3.3.19 Vårdalsneset (eigedom xx - dok 73)



Areal: 34 daa

Status i gjeldende plan: Ikke regulert. I overordna plan er området vist som LNF. Grensar til plan 2009002.

Framlegg til ny arealbruk: : Fritid- turistføremål.

Ønskjer å utvide eksisterande verksemd i plan 2009002.

Omtale av utbyggingsområde: Området er prega av skog og ligg på Vårdalsneset.

Verdisetting av område og konsekvensvurdering ved ny arealbruk:

KU- tema	Kunnskapsgrunnlag/ registreringar	Verdi	Omfangsvurdering	Konsekvens
1. Areal- og transport	Ligg ca. 3 km fra Holmedal. Ca 7 km fra Askvoll			0
2. Barn og unge	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
3. Friluftsliv og rekreasjon	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
4. Infrastruktur og offentlege tenester	Fylkesveg utan midtstripe.			0
5. Samfunns-	Sjå ros- analyse		Liten til moderat risiko	-

tryggleik			for skredfare. Liten fare for flaum. Ved reguleringsplan/ tiltak skal det utarbeidast faresonekart for å kartlegge nærmere sannsyn for ulike rastyper. Bygg bør plasserast min 3moh over normalvasstand. Ved regulering eller byggesak nærmere elv enn 20 m må byggegrense fra elv vurderast. Fylkesveg og lokal veg er ikke utformet i tråd med normalane. Litен trafikkfare. Bygningene bør plasserast utanfor magnetisk felt.	
6. Næring og sysselsetting	Turistnæring		Svak positiv konsekvens	+
7. Universell utforming	Krav om UU			0
8. Landskap og estetikk	Landskapsområde Lokalt nivå: Dalsfjorden - stor regional verdi (B)	B/	Omfang og konsekvens avhengig av utforming av plan og tiltak.	0/-
9. Kulturminne og kulturmiljø	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
10. Naturverdiar og biologisk mangfold	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
11. Primærnæring	Skog, innmarksbeite og open, jorddekt fastmark (AR5). Relativt flatt	C-verdi		0/-
12. Strandsone	I hovedsak utanfor 100m-beltet.			0


Samla vurdering

Ingen store konflikter

Fagleg konklusjon: Innspelet vert teke til følgje.

Styringsgruppa sin konklusjon: Området vert teke med som byggeområde fritids-/turistføremål.

3.3.20 Helle (eigedom 201/2 - dok 128)



Areal: 10,5 daa.

Status i gjeldende plan: Ikke regulert. I overordna plan er området vist som LNF.

Framlegg til ny arealbruk: Byggjeområde bustad. Ønskjer 3 tomter til barnebarn

Omtale av utbyggingsområde:

Jordbruksområde ved fylkesvegen på Helle.

Verdisetting av område og konsekvensvurdering ved ny arealbruk:


KU- tema	Kunnskapsgrunnlag/ registreringar	Verdi	Omfangsvurdering	Konsekvens
1. Areal- og transport	Ligg ca. 5 km fra Holmedal og ca. 5 km fra Askvoll. Ca. 5 km til barnehage og ca. 6 km til skule i Holmedal. Ca. 4 km til skule og ca. 5 km til barnehage i Askvoll.		Kunne vore plassert nærmere Holmedal eller Askvoll	-
2. Barn og unge	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
3. Friluftsliv og rekreasjon	Ingen registrering		Ingen konflikt	0

4. Infrastruktur og offentlege tenester	Fylkesveg 361 utan midtstripe.		Byggegrense frå fylkesveg 361 på dette strekket er i utgangspunktet 15m frå senterline. Vurderast i reg.plan.	-
5. Samfunnstryggleik	Sjå ros-analyse		Liten til moderat risiko for skredfare. Ved reguleringsplan/ tiltak skal det utarbeidast faresonekart for å kartlegge nærmere sannsyn for ulike rastyper. Fylkesveg og lokal veg er ikke utformet i tråd med normalane. Liten trafikkfare. Bygningar bør plasserast utanfor magnetisk felt.	-
6. Næring og sysselsetting	Ikkje relevant			0
7. Universell utforming	Krav om UU følgjer av TEK 10		Blir ivareteke som følge av TEK 10	0
8. Landskap og estetikk	Landskapsområde Villnesfjorden - vanleg førekommende landskap (C)	C	Ingen konflikt	0
9. Kulturminne og kulturmiljø	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
10. Naturverdiar og biologisk mangfold	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
11. Primærnæring	Fulldyrka jord og open jorddekt fastmark (AR5)		Konflikt med jordvernet	--
12. Strandsone	Ikkje relevant			0

Samla vurdering


Framleggget er i strid med jordvernet, og det er lang avstand til offentlege tenester. Det er plass til 1 tomt utenom dyrka mark.

Fagleg konklusjon: Vi tilrår at innspelet vert redusert slik at det ikke er i konflikt med jordvernet.



Styringsgruppa sin konklusjon: Området vert teke med som LNF spreidd, og slått saman med LNF spreidd Vårdal – Helle, jfr. kap. 3.3.18. Den nordlegaste delen med størst jordbruksverdi vert teke ut.

3.3.21 Helle (eigedom 201/4 – folkemøteinnspeil, styringsgruppa 19.08.2013)



Areal: 49 daa.

Status i gjeldande plan: I hovedsak ikke regulert. RP 1993001 går inn i området med regulering av vegen. I overordna plan er området vist som LNF.

Framlegg til ny arealbruk: Byggjeområde næring.

Omtale av utbyggingsområde:

Ligg langs kommunal veg i spreiddbygd område

Verdisetting av område og konsekvensvurdering ved ny arealbruk:

KU- tema	Kunnskapsgrunnlag/ registreringar	Verdi	Omfangsvurdering	Konsekvens
1. Areal- og transport	Ligg ca. 200 m fra fylkesveg 361. 4km fra Holmedal og ca. 5 km fra Askvoll		Kunne vore plassert nærmere Holmedal eller Askvoll	-
2. Barn og unge	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
3. Friluftsliv og rekreasjon	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
4. Infrastruktur og offentlege tenester	Tilgjenge til lokal veg som er kopla på fylkesveg ca. 200		Krev ny avkjørsle fra kommunal veg. Denne må løysast som del av	-

	unna.		reguleringsplan. Byggegrense frå kommunal veg er i utgangspunktet 15m frå senterline. Vurderast i reg.plan.	
5. Samfunns-tryggleik	Sjå ros-analyse		Liten til moderat risiko for skredfare. Litен fare for flaum. Ved reguleringsplan/ tiltak skal kommunen vurdere om det skal utarbeidas faresonekart for å kartlegge nærmare sannsyn for ulike rastyper. Bygg bør plasserast min 3moh over normalvasstand. Området er noko utsett for vind. Fylkesveg og lokal veg er ikkje utforma i tråd med normalane. Litent trafikkfare. Bygningar bør plasserast utanfor magnetisk felt	-
6. Næring og sysselsetting	Mangel på næringsareal og sysselsetting i kommunen		Positiv konsekvens	++
7. Universell utforming	Næringsbygg har krav om universelt utforma tilkomst. Området er relativt flatt		Blir ivareteke som følge av TEK 10.	0
8. Landskap og estetikk	Landskapsområde Villnesfjorden - vanleg førekomande landskap (C)	C	Ingen konflikt	0
9. Kulturminne og kulturmiljø	Grensar til eit sefrak- registert bygg		Ingen konflikt dersom nye tiltak vert lokalisert og utforma med omsyn til verdiar i eksisterande bygningsmiljø.	0
10. Naturverdiar og biologisk mangfold	Mindre del av området inngår på: Rik sumpskog (Hellestrand) – verdi: viktig (B) Ein del av tiltaket ligg i «Askvollmyrane» (Helle-Olset): våmark myr verdi: lokal viktig	B/ C	Mindre deler av området er i konflikt med viktig naturtype og lokalt viktig våmark myr	-

	(C)			
11. Primærnæring	Ein stor del av tiltaket ligg i kjerneområde landbruk. Elles i hovudsak fulldyrka jord (AR5)		Konflikt med jordvernet	--
12. Strandsone	Delar av tiltaket er i 100-meters belet		Liten konflikt dersom avgrensing slik at randsona mot sjø vert ivaretatt. Behov for byggegrense mot sjø som må vurderast i reguleringsplan.	0/-


Samla vurdering

Tiltaket vil legge til rette for meir næringsareal i kommunen. Vil utløyse behov for ny avkjørsle mot fylkesveg. Tiltaket er i konflikt med jordvernet og deler av tiltaket er i konflikt med viktig naturtype og lokalt viktig våtmark myr.

Fagleg konklusjon: Vi tilrår at innspelet/ tiltaket avgrensast slik at det ikkje kjem i konflikt med jordvernet og naturverdiar, det vil seie at delen nedanfor vegen (28 dekar) kan gå vidare.

Styringsgruppa sin konklusjon: Innspelet vert avvist. Kan heller ta med areal til næring når det ligg føre meir konkrete planar.

3.3.22 Akvakultur Gildringsneset



Storleik: 118 dekar (inklusive kombinert areal)

Status i gjeldande plan: Området er ikke regulert. Vist som sjø- og vassdragsareal i gjeldande kommuneplan.

Framlegg til ny arealbruk: Akvakultur i sjø.

Omtale av område: Ligg langs land på nordsida av Dalsfjorden.

Verdisetting av område og konsekvensvurdering ved ny arealbruk:

KU- tema	Kunnskapsgrunnlag/ registreringar	Verdi	Omfangsvurdering	Konsekvens
Samfunn				
1. Areal- og transport	Ikkje relevant			
2. Barn og unge	Ikkje relevant			
3. Friluftsliv og rekreasjon	Ingen kjent konflikt			0
4. Infrastruktur og offentlege tenester	Mogleg landtilkomst frå fylkesveg. Ligg delvis i farlei.			-
5. Samfunns-	Ingen særskilt risiko			0

tryggleik				
6. Næring og sysselsetting	Vil gje nokre arbeidsplassar		Svak positiv konsekvens	+
7. Universell utforming	Ikkje relevant			
8. Landskap og estetikk	Dalsfjorden er vurdert til låg verdi på regionalt nivå, men B-verdi på lokalt nivå.	B	Ligg nære land, lita visuell konsekvens i fjordbassenget.	0/-
9. Kulturminne og kulturmiljø	Ingen kjent konflikt			0
10. Naturverdiar og biologisk mangfald	Ligg i område utpeikt som nasjonal laksefjord.		Tiltaket er direkte i strid med intensjon om å verne fjorden frå oppdrett.	- - -
11. Primærnæring	Ikkje relevant			
12. Strandsone	Ligg i strandsona		Ukjent bruksinteresse	0 / -


Samla konsekvens

Innspelet ligg i Dalsfjorden som er utpeikt som nasjonal Laksefjord. Det ligg eit anlegg på motsett sida av fjorden, men Fylkesmannen opplyser om at dette er frå 2004 og ikkje ville bli tilrådd om det vart søkt i dag. Innspelet ligg også delvis i farlei.

Fagleg konklusjon: Innspelet vert ikkje tilrådd.

Styringsgruppa sin konklusjon etter 1. gongs offentleg ettersyn: Innspelet vert lagt inn i planen. Landtilkomst er ikkje aktuelt. Konfliktane er i stor grad knytt til oppdrett av laks. Det vert innarbeidd i planføresegnene at oppdrett av anadrom laksefisk ikkje er tillatt.

3.3.23 Rivedal (eigedom 216/20 mfl)



Areal: 24,3 daa.

Status i gjeldande plan: Ikke regulert. I overordna plan er området vist som LNF.

Framlegg til ny arealbruk: Byggjeområde næring.

Omtale av utbyggingsområde: Landbruksareal på Midtbø, langs vegen til Rivedal kraftverk, ca. 100 moh.

Verdisetting av område og konsekvensvurdering ved ny arealbruk:

KU- tema	Kunnskapsgrunnlag/ registreringar	Verdi	Omfangsvurdering	Konsekvens
1. Areal- og transport	Tilkomst frå Fv609 via eksisterande lokalveg med låg standard, ca. 1,5 km frå hovudveg.		Avhengig av type næring og behov for transport. Vegen er også tilkomst til Rivedal kraftverk.	-
2. Barn og unge	Ingen registreringar.			
3. Friluftsliv og rekreasjon	Vestre del av området ligg innafor lokalt viktig friluftsområde (FRIDA)	C	Mogleg konflikt med bruk av lokalveg til Rivedalselva.	-
4. Infrastruktur og offentlege	Ca. 1,5 km til hovudveg.			-

tenester				
5. Samfunns-tryggleik	Sjå ros-analyse		Fylkesveg og lokal veg med låg standard. Liten trafikkfare. Verksemld vil kunne medføre auka trafikk. Aktsemdsområde for ras- og skredfare.	-
6. Næring og sysselsetting	Ikkje kjent type næring/tiltak.		Antar positiv verknad.	+
7. Universell utforming	Ikkje relevant.			
8. Landskap og estetikk	Vanleg førekommende landskap både regionalt (Fjaler) og lokalt (åslandskap Holmedal).	C	Nytt tiltak i ope kulturlandskap. Konsekvens avhengig av omfang og type tiltak. Relativt skjerma lokalitet.	0/-
9. Kulturminne og kulturmiljø	Ingen registreringar.		Ingen kjent konflikt.	0
10. Naturverdiar og biologisk mangfold	Ingen registreringar.		Ingen kjent konflikt.	0
11. Primærnæring	Noko fulldyrka og innmarksbeite, elles myr og open fastmark. Vestre del ligg innafor omsynssone landbruk (kjerneområde).		Konflikt med dyrkbar mark og kjerneområde landbruk. Mogleg konflikt med veg.	-
12. Strandsone	Innafor vassdragsbelte Rivedalselva.		Mogleg konflikt, avhengig av type tiltak.	-

Samla vurdering


Tiltaket vil legge til rette for meir næringsareal i kommunen. Det er ikkje opplyst kva type næring eller tiltak som er planlagt/ønskt i området, og det er derfor vanskeleg å vurdere konsekvensen av vegstandard og avstanden til hovudveg, og om det er i konflikt med Rivedalselva. Størst konflikt er knytt til jordvern og omsynssone landbruk som gjeld vestre del av arealet.

Fagleg konklusjon: Vi rår til at næringsarealet vert avgrensa slik at det ikkje kjem i konflikt med jordvern og omsynssone landbruk, og at området nærast elva, dvs. mellom elva og vegen oppover langs Rivedalselva vert teke ut.

Styringsgruppa sin konklusjon etter 1. gongs offentleg ettersyn: Området vert teke inn i planen.

Styringsgruppa sin konklusjon etter 2. gongs offentleg ettersyn: Området vert redusert etter grunneigar sitt ønske.

3.4 Askvoll




KU-kap	Stednamn	Kjelde / dok.nr	Type innspeil	Kartref.	Storlek	Konklusjon	Storlek i plankart
3.4.1	Torsheim,						
3.4.1	Dørhella	Dok 57	Småbåthamn	SBH 6	3	Akseptert	3
3.4.2	Dørhella	st.gr.m 7.10	bustad	B17	33	Avvisast	0
3.4.3	Dørhelleneset	Dok 69	bustad		104	Avvisast	0
3.4.4	Langeneset	Dok 126	bustad		116	Avvisast	0
						Omgjering til LNF spreidd	
3.4.5	Olset	121, munnleg	bustad	Olset	116		81
3.4.6	Nes- Olset	st.gr.m 7.10	spreidd bustad	Nes -Olset	106	Akseptert	106
3.4.7	Loftheim	Dok 52	fritidsbustad	Loftheim	95	Akseptert, delt opp	84
3.4.8	Straumen	Dok 122	råstoffutvinning		13	Avvisast	13
3.4.9	Straumen	Dok 122	LNF s. bustad	Straumen	65	Akseptert	65
3.4.10	Askheia	63 og 133	bustad	B33 og B23	316	Akseptert	98
3.4.11	Ask	Dok 78	bustad	B24	1	Akseptert	1
3.4.12	Askvoll	munnleg	tenesteyting	T3	5	Akseptert	5
3.4.13	Askvoll	munnleg	småbåthamn		21	Avvisast	0
3.4.14	Eimind	st.gr.m	LNF spreidd gen.	Eimind	293	Akseptert	293
						Omgjering til LNF spreidd	
3.4.15	Eimind	Dok 49	fritidsbustad		2		0
						Omgjering til LNF spreidd	
3.4.16	Eimind	Dok 140	fritid - turist		4		0
3.4.17	Follevåg	Dok 10	fritidsbustad	F18	74	Akseptert	50
3.4.17	Follevåg	Dok 10	Småbåthamn		2	Avvisast	0
						Straumen sør	
3.4.18	Straumen sør		LNF spreidd		41	Akseptert	41
			Gang- og sykkelveg				
3.4.19	Ask					Akseptert	
3.4.20	Dørhella		Akvakultur	AK4	64	Akseptert	64
3.4.21	Flatøy		Akvakultur	AK5	60	Avvisast	0

Etter første gong høyring er det gjort konsekvensutgreiing for område 3.4.20: Akvakultur Dørhella og 3.4.21: Akvakultur Flatøy.

Samla vert det føreslått lagt ut:

Føremål	Dekar	Tal på einingar
Busetnad	99	3 område
Fritidsbusetnad	50	1 område
Tenesteyting	5	1 område
LNF spreidd	669	12 bustader, 11 fritidsbustader og 5 næringsbygg
Småbåthamn	5	2 område
Akvakultur	64	1 område

3.4.1 Torsheim, Dørhella (eigedom 31/x - dok 57)



Lengd: 90m. + 3 daa småbåthamn

Status i gjeldande plan: .

Framlegg til ny arealbruk: Ny tilkomst til naust. Småbåthamn.

Gamal tilkomst til naust har vist seg å vere for bratt. Ønskjer å tilrettelegge for ny

Omtale av utbyggingsområde:

I dag er området prega av slåttemark og trevegetasjon. Ligg mellom eit gardsbruk og to naust.

Verdisetting av område og konsekvensvurdering ved ny arealbruk:

KU- tema	Registreringer /kunnskapsgrunnlag	Verdi	Konsekvensvurdering (omfang)	Konsekvens
1. Areal- og transport	Ikkje relevant			0
2. Barn og unge	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
3. Friluftsliv og rekreasjon	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
4. Infrastruktur og offentlege tenester	Ny og betre veg		Positiv konsekvens	+

5. Samfunns-tryggleik	Sjå ros-analyse		Liten til moderat risiko for skredfare. Liten fare for flaum. Ved reguleringsplan/ tiltak skal det utarbeidast faresonekart for å kartlegge nærmere sannsyn for ulike rastyper. Området er noko utsett for vind. Lokal veg er ikkje utforma i tråd med normalane. Liten trafikkfare.	-
6. Næring og sysselsetting	Ikkje relevant			0
7. Universell utforming	Bratt terrenget, vil ikkje oppnå UU		Betre stigning på vegen	0
8. Landskap og estetikk	Landskapsområde Villnesfjorden - vanleg førekommende landskap (C)	C	Ingen konflikt	0
9. Kulturminne og kulturmiljø	Grensar til sefrak-registrert naust.		Ingen konflikt dersom nye tiltak vert lokalisert og utforma med omsyn til verdiar i eksisterande bygningsmiljø.	0/-
10. Naturverdiar og biologisk mangfold	Ingen registreringar		Ingen konflikt	0
11. Primærnæring	Fulldyrka jord og skog (AR5)		Delvis i konflikt med jordvernet	- / - -
12. Strandsone	Tiltaket ligg i 100-meters belte		I konflikt med strandsonevernet	


Samla vurdering

Tiltaket vil legge til rette for ny og betre veg til naust. Tiltaket er i konflikt med fulldyrka jord og skog.

Fagleg konklusjon: Innspelet vert teke inn i planen.

Styringsgruppa sin konklusjon: Småbåthamn og vegtilkomst vert teke inn i planen.

3.4.2 Dørhella (eigedom 31/1, 2 og 5 – styringsgruppemøte 7.10.2013)



Areal: 33 daa.

Status i gjeldande plan: Ikke regulert. Vist som LNF i overordna plan.

Framlegg til ny arealbruk: Byggjeområde bustad.

Omtale av utbyggingsområde:

Området er preget av gardsbusetnad med dyrka mark og skog.

Verdisetting av område og konsekvensvurdering ved ny arealbruk:

KU- tema	Registreringer /kunnskapsgrunnlag	Verdi	Konsekvensvurdering (omfang)	Konsekvens
1. Areal- og transport	Ligg ca. 2 km fra fylkesveg. Ca 7 km fra Askvoll og 7 km fra Holmedal Ikke buss.		Vil auke transportbehovet. I konflikt med målsettingane i RPR-SATP.	--
2. Barn og unge	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
3. Friluftsliv og rekreasjon	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
4. Infrastruktur og offentlege tenester	2 km lokal veg med smal kjørebredde. Koplar seg på fylkesveg utan		Eksisterande lokal veg er ikke egna for utbygging av mange bustader.	--

	midtstripe. Ca. 5,5 km fra skule og ca. 7 km fra barnehage i Askvoll.		Området ligg langt fra skule, barnehage og offentlege tenester Negativ konsekvens	
5. Samfunnstryggleik	Sjå ros-analyse		Liten til moderat risiko for skredfare. Liten fare for flaum. Ved reguleringsplan/ tiltak skal det utarbeidast faresonekart for å kartlegge nærmare sannsyn for ulike rastyper. Området er utsett for vind. Bygg bør plasserast min 3moh over normalvasstand. Lokal veg er ikke utformet i tråd med normalane. Liten trafikkfare.	-
6. Næring og sysselsetting	Ikkje relevant			0
7. Universell utforming	Krav om UU følgjer av TEK 10		Blir ivaretake som følge av TEK 10	0
8. Landskap og estetikk	Landskapsområde Villnesfjorden - vanleg førekommende landskap (C)	C	Ingen konflikt	0
9. Kulturminne og kulturmiljø	Eit meldepliktig sefrak- registrert bygg		Ingen konflikt dersom nye tiltak vert lokalisert og utformet med omsyn til verdiar i eksisterande bygningsmiljø.	0/-
10. Naturverdiar og biologisk mangfold	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
11. Primærnæring	Skog, fulldyrka og overflatedyrka jord, innmarksbeite og noko open jorddekt fastmark. (AR5)		I konflikt med jordvernet	--
12. Strandsone	Mesteparten av tiltaket ligg innafor 100-meters belte. Eksist. busetnad ligg i hovudsak utanfor 100-meters belte. Skogkledd og bratt heilt ytterst mot sjø. Ikkje tilgjengeleg		I liten konflikt med strandsonevernet.	-

Samla vurdering

Tiltaket er i konflikt med jordvern og strandsonevern. Det er vidare lang avstand til skule og barnehage og sentrumsfunksjonar og tiltaket vil auke transportbehovet.

Fagleg konklusjon: Vi tilrår at området ikkje leggast ut til byggjeområde bustad, men til Inf-spreidd busetnad.

Vi tilrår at det vert opna for nokre bustadar, men at området avgrensast til dei flate delane. Dei delane som har samanhengande fulldyrka mark og er bratt ned mot sjøen bør takast ut. Utbygging bør skje i nærleiken av eksisterande busetnad og slik at ein ikkje byggjer ned jordbruksareal eller privatiserer i strandsona.

Å opne for einskilde bustadar i området vil kunne bidra til busetting som i tur bidreg til å ivareta kulturlandskapet.


Tal på nye bustader i planperioden = 2.

Styringsgruppa sin konklusjon: Området vert teke med som byggjeområde bustad. Dersom ein skal opne for utbygging her, bør ein utnytte arealet effektivt. Plassering av tilkomstveg kan vere kritisk, og bør løysast med reguleringsplan.

Styringsgruppa sin konklusjon etter 1. gongs offentleg ettersyn: Det er ikkje sett konkret byggjegrense langs sjø (generell 100m gjeld). Fylkesmannen opprettheld retten til motsegn på reguleringsplannivå. Ein grunneigar ønskjer ikkje området. Den vestlegaste delen av området vert teke ut av planen.

Styringsgruppa sin konklusjon etter 2. gongs offentleg ettersyn: Området vert teke ut etter grunneigarane sitt ønskje.

3.4.3 Dørhelleneset / Kobbevika (eigedom 31/5 - dok 69)



Areal: 104,4 daa.

Status i gjeldende plan: Ikke regulert. Vist som LNF i overordna plan.

Framlegg til ny arealbruk: Byggjeområde bustad.

Ønskjer tilrettelegging for hytte, men styringsgruppa har føreslått bustad i stadenfor.

Omtale av utbyggingsområde:

Området er prega av utmark/ urørt natur. Ingen busetnad



Verdisetting av område og konsekvensvurdering ved ny arealbruk:

KU- tema	Registreringer /kunnskapsgrunnlag	Verdi	Konsekvensvurdering (omfang)	Konsekvens
1. Areal- og transport	Ligg ca. 3,5 km fra fylkesveg. Ca 5 km fra Askvoll og 10 km fra Holmedal		Vil auke transportbehovet. Negativ konsekvens	--
2. Barn og unge	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
3. Friluftsliv og rekreasjon	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
4. Infrastruktur og offentlege tenester	3,5 km lokal veg med smal kjørebredde. Koplar seg på fylkesveg utan midtstripe 3,5 km unna. Ca. 4,5 km fra skule og ca. 5,5 km fra barnehage i Askvoll. Skulebuss med busstopp ca 1 km unna på Olset kai og Olset kryss		Eksisterande lokal veg er ikke egna for utbygging av stort bustadområde. Området ligg langt fra skule, barnehage og offentlege tenester Negativ konsekvens	--
5. Samfunnstryggleik				
6. Næring og sysselsetting	Ikkje relevant			0
7. Universell utforming	Krav om UU følgjer av TEK 10		Blir ivareteke som følge av TEK 10.	

8. Landskap og estetikk	Landskapsområde Villnesfjorden - vanleg førekommende landskap (C) Svaberg, lav / ingen vegetasjon. Ubygd.	C	Konflikt med urørt landskap	--
9. Kulturminne og kulturmiljø	Fleire sefrak-registrert bygg		Ingen konflikt dersom nye tiltak vert lokalisert og utforma med omsyn til verdiar i eksisterande bygningsmiljø.	0/-
10. Naturverdiar og biologisk mangfold	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
11. Primærnæring	I hovudsak open skrinn fastmark, men også noko innmarksbeite og fulldyrka jord.		I liten konflikt med jordvernet	-
12. Strandsone	Delar av området ligg innafor 100- meters beltet. Ikke bygd frå før. Relativt flatt og tilgjengeleg, nokre skrentar i nord og mot sjø i sør. Går sti rett aust for området. Låg vegetasjon.		I konflikt med strandsonevernet.	--


Samla vurdering

Tiltaket er i konflikt med urørt landskap og strandsonevern. Det er vidare lang avstand til skule og barnehage og sentrumsfunksjonar og tiltaket vil auke transportbehovet.

Fagleg konklusjon: Vi tilrår at innspelet ikkje vert teke til følgje.

Styringsgruppa sin konklusjon: Innspelet vert avvist. Utfordrande i høve til vegtilkomst.

3.4.4 Kobbevika/ Langeneset (eigedom 30/8 - dok 126)



Areal: 116 daa.

Status i gjeldende plan: Ikke regulert. Vist som LNF i overordna plan.

Framlegg til ny arealbruk: Byggjeområde bustad.

Ønskjer tilrettelegging for hytte/bustad, styringsgruppa ønskjer å vurdere bustad i området.

Omtale av utbyggingsområde:

Området er prega av beitemark: øppent kulturlandskap. Ingen busetnad

Verdisetting av område og konsekvensvurdering ved ny arealbruk:

KU- tema	Registreringer /kunnskapsgrunnlag	Verdi	Konsekvensvurdering (omfang)	Konsekvens
1. Areal- og transport	Ligg ca. 3,5 km fra fylkesveg. Ca 5 km fra Askvoll og 10 km fra Holmedal		Vil auke transportbehovet. Negativ konsekvens	--
2. Barn og unge	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
3. Friluftsliv og rekreasjon	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
4. Infrastruktur og offentlege tenester	3,5 km lokal veg med smal kjørebredde. Koplar seg på		Eksisterande lokal veg er ikke egne for utbygging av stort	--

	fylkesveg utan midtstripe 3,5 km unna. Ca. 4,5 km fra skule og ca. 5,5 km fra barnehage i Askvoll. Skulebuss med busstopp ca 1 km unna på Olset kai og i Olset kryss		bustadområde. Området ligg langt fra skule, barnehage og offentlege tenester Negativ konsekvens	
5. Samfunnstryggleik				
6. Næring og sysselsetting	Ikkje relevant			0
7. Universell utforming	Krav om UU følgjer av TEK 10		Blir ivareteke som følgje av TEK 10	
8. Landskap og estetikk	Landskapsområde Villnesfjorden - vanleg førekommende landskap (C) Kulturlandskap som er prega av beite og svaberg og lite vegetasjon. Ubygd.	C	Konflikt med kulturlandskap	--
9. Kulturminne og kulturmiljø	3 automatisk freda kulturminne: 2 gravfelt 1 gravminne		I konflikt med automatisk freda kulturminne	---
10. Naturverdiar og biologisk mangfold	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
11. Primærnæring	Delar av området ligg innafor kjerneområde landbruk		Konflikt med jordvern	--
12. Strandsone	Store delar av området ligg innafor 100- meters beltet. Ikkje bygd frå før. Relativt flatt og tilgjengeleg. Låg vegetasjon.		I konflikt med strandsonevernet.	--


Samla vurdering

Delar av tiltaket er i konflikt med jordvernet. Vidare er tiltaket i konflikt med strandsonevernet og 3 automatisk freda kulturminne. Det er vidare lang avstand til skule og barnehage og sentrumsfunksjonar og tiltaket vil auke transportbehovet.

Fagleg konklusjon: Området er i konflikt med fleire viktige tema. Ein tilrår difor at innspelet ikkje vert teke til følge.

Styringsgruppa sin konklusjon: Innspelet vert ikkje teke med. Grunneigar har trekt innspelet.

3.4.5 Olset (eigedom 30/8 – dok 121, muntleg)



Areal: 75 daa + 25 + 16 = 116 dekar.

Status i gjeldende plan: Ikke regulert. Vist som LNF i overordna plan.

Framlegg til ny arealbruk: Byggjeområde bustad.

Ønskjer tilrettelegging for hytte/bustad, styringsgruppa ønskjer å vurdere bustad i området.

Omtale av utbyggingsområde:

Området er prega av spreidd gardsbusetnad med dyrka mark. Ligg langs lokal veg.

Verdisetting av område og konsekvensvurdering ved ny arealbruk:

KU- tema	Registreringer /kunnskapsgrunnlag	Verdi	Konsekvensvurdering (omfang)	Konsekvens
1. Areal- og transport	Ligg ca. 3 km fra fylkesveg. Ca 4,5 km fra Askvoll og 10 km fra Holmedal		Vil auke transportbehovet. Negativ konsekvens	- -
2. Barn og unge	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
3. Friluftsliv og rekreasjon	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
4. Infrastruktur og offentlege tenester	3 km lokal veg med smal kjørebredde. Koplar seg på		Negativ konsekvens	- -

	fylkesveg utan midtstripe 3 km unna. Ca. 4 km frå skule og ca. 5 km frå barnehage i Askvoll.			
5. Samfunnstryggleik			LNF spreidd Olset: Liten risiko for skredfare. Ved reguleringsplan/ tiltak skal det utarbeidast faresonekart for å kartlegge nærmare sannsyn for ulike rastyper. Lokal veg er ikkje utforma i tråd med normalane. Liten trafikkfare.	
6. Næring og sysselsetting	Ikkje relevant			0
7. Universell utforming	Ikkje relevant			0
8. Landskap og estetikk	Landskapsområde Villnesfjorden - vanleg førekommende landskap (C) Kulturlandskap prega av jordbruk	C	Konflikt med kulturlandskap	-/- -
9. Kulturminne og kulturmiljø	Fleire sefrak-registrerte bygg		Ingen konflikt dersom nye tiltak vert lokalisert og utforma med omsyn til verdiar i eksisterande bygningsmiljø.	0/-
10. Naturverdiar og biologisk mangfold	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
11. Primærnæring	Alle områda ligg innanfor kjerneområde landbruk		Konflikt med jordvern	- - -
12. Strandsone	Ligg utafor 100-meters beltet		Ingen konflikt	0

Samla vurdering


Tiltaket er i konflikt med jordvernet. Det er vidare lang avstand til skule og barnehage og sentrumsfunksjonar og tiltaket vil auke transportbehovet.

Fagleg konklusjon: Alle områda ligg i kjerneområde landbruk. Ein tilrår difor at innspelet ikkje vert teke til følgje.

Styringsgruppa sin konklusjon: Det nordlegaste området vert teke med som LNF spreidd med rom for 4 bustader. Området vert utvida med eit areal langs kommunal veg i vest. Del

av området med dyrka mark i aust vert teke ut. Det ligg allereie nokre spreidde bustader i området. Dei to områda i sør vert ikkje tekne med.

3.4.6 Nes - Olset (eigedom – styringsgruppemøte 7.10.2013)



Areal: 106 daa

Status i gjeldende plan: Ikke regulert. Vist som LNF i overordna plan.

Framlegg til ny arealbruk: Spreidd bustad.

Omtale av utbyggingsområde

Område er prega av gardsbusetnad med dyrka mark og skog.

Verdisetting av område og konsekvensvurdering ved ny arealbruk:

KU- tema	Registreringer /kunnskapsgrunnlag	Verdi	Konsekvensvurdering (omfang)	Konsekvens
1. Areal- og transport	Ligg ca. 1 km fra fylkesveg. Ca 3 km fra Askvoll og 7 km fra Holmedal			
2. Barn og unge	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
3. Friluftsliv og rekreasjon	Traktorveg/ skogsbilveg kryssar området		Ingen konflikt dersom nye tiltak vert lokalisert og utforma med omsyn til traktorveg/ skogsbilveg	0
4. Infrastruktur og offentlege	Ca. 1 km med lokal veg med smal		Ingen konflikt	0

tenester	kjørebredde. Koplar seg vidare på fylkesveg utan midtstripe.			
5. Samfunnstryggleik	Sjå ros-analyse		Liten til moderat risiko for skredfare. Ved reguleringsplan/ tiltak skal det utarbeidast faresonekart for å kartlegge nærmare sannsyn for ulike rastyper. Lokal veg er ikkje utforma i tråd med normalane. Liten trafikkfare. Bygningar bør plasserast utanfor magnetisk felt.	-
6. Næring og sysselsetting	Ikkje relevant			0
7. Universell utforming	Ikkje relevant			0
8. Landskap og estetikk	Lokalt nivå: Del av landskapsområde Villnesfjorden, Fjordbasseng og LO Villnesfjorden, Breie fjordar som begge er vanleg førekommende landskap (C).	C	Ingen konflikt	0
9. Kulturminne og kulturmiljø	Eit sefrak-registrert bygg		Ingen konflikt dersom nye tiltak vert lokalisert og utforma med omsyn til verdiar i eksisterande bygningsmiljø.	0/-
10. Naturverdiar og biologisk mangfold	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
11. Primærnæring	Innmarksbeite, skog og open jorddekt fastmark. Noko fulldyrka og overflatedyrka jord.		Liten konflikt med jordvernet	-
